

møteprotokoll

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 23.03.2010

Møtetid:

Kl. 16.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

023/10 - 040/10

Følgjande medl. møte.	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Grete Hammervold	Frp
Jostein Blånes	”	Per Espen Vik	”
Renate Møgster Klepsvik	”	Harry Haugland	”
Olav Njåstad	”	Paul Ole Stenevik	H
Øystein Østervold	”	Bjarte V Notnæs	Krf
Ingunn Berge Vik	H		
Julie Solbakken	”		
Kurt Frank	”		
Torfinn Grav	Krf		
Jane K Stangeland	A		
Ove Fagerbakke	”		
Andreas Risøy	”		
Edvard J Stangeland	Sp		
Ingrid V Duesund	”		

Forfall meldt frå følgj. varamedl.	Parti	
Helge Otterå	Frp	
Ronald Persen	”	
Kjetil Østervold	”	
Narve Møgster	”	
Arne Kalve Klepsvik	H	
Christian Halstensen	Krf	
Olav O Østervold	H	Vara var ikkje kalla inn

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, og spesialrådgjevar Steinar Hole møte som referent
Utlevert i møtet:	Notat avtaleutkast turistkontor, vedtak i Eldreråd om Bpa
Orientering:	
Merknader:	Ingen
Innkalling:	Ingen

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Renate Møgster Klepsvik

Andreas Risøy

023/10GODKJENNING AV MØTEBOKA 16.02.2010

KST-023/10 Vedtak:

Møteboka frå kommunestyre 16.februar .2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA

KST-024/10 Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordførar vart valde:

Renate Møgster Klepsvik og Andreas Risøy

025/10: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om:

Folketalsauken i kommunen – 4571 innbyggjarar no. Austevoll er den 7.mestveksande kommunen i landet.

Ferjesaka – orienterte om møte fylkesrådmannen om saka, og kva som det vert arbeidd med..

Fiskerihamnprosjektet på Salthella/Rabben.

Utbygging ved Storebø pleie- og omsorgsenter – stoda så langt.

Nye KOSTRA-tal for 2009.

Rullering av kommuneplanen må starta opp.

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Budsjettvedtak 17. desember om nedskjeringar på ca. 90 % i helsesøstertenesta medfører at skulehelsetenesta blir kraftig redusert og tilbodet om helsesøster på skulane blir borte. Dette er ei lovpålagt teneste og spørsmålet er korleis denne utfordringa kan løysast.

Rådmannen svara at det vil verta lagt fram eiga sak om reduksjonane.

Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Møter tidleg på dagen i ad-hoc-grupper og andre møter passer dårleg i forhold til dei som er i arbeid. Kan det gjerast noko med det?

Ordførar svara at dette var vanskeleg å tilpassa både for tilsette og gjester utanfrå. Han peika på folkevalde har rett til fri for å utføra verva sine. Det kan og setjast fram krav om godtgjering for tapt i arbeidsinntekt og møtegodtgjering ved slike møter i medhald av reglement som kommunestyret har vedtatt.

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Om manglande svar frå kommunen på brev m.m

Om ufrivillig deltid.

Ho orienterte samstundes om arbeidet som pågår i SFO-gruppa.

Rådmannen svara at manglande svar frå kommunen ville rådmannen ta opp internt.

Rådmannan svara og at vert arbeidd med å unngå ufrivillig deltid og at det ville verta lagt fram sak seinare.

Renate Møgster Klepsvik tok også opp at friidrettsbanen på Eidsbøen må rensast. Det er 10 år sidan sist det vart gjort.

Rådmannen svara at dette vert teken opp i sak om kulturmeidlar i neste møte.

Spørsmål frå Grete Hammervold:

Når Selbjørn treningsenter blei bygd, blei det lova at det skulle koma et helsebasseng. No har det gått ein del år. Jeg mener å huske at det skulle stå ferdig senest 3 år etter de fikk bygge treningsenteret. Kan noen svare på dette? Tror senteret ble reist i 96/97.

Rådmannen svara at saka var under vurdering og at det vil vert lagt fram eiga sak om dette.

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Dette er tatt opp tidlegere i politisk kvarter. Veien frå rundkjøringa på Eidsbøen og fram til Austevoll vidaregåande skule, har jeg tatt opp på grunn av at den er trafikkfarlig. Jeg har spurt om veglys, speil eller utbetring av vegen. Vi har 200 som går på skolen og flere er begynt å ta i bruk sykkel, det har vert mer ungratikk pga skoleutbyggingen. Vi har flere nestenulykker ved strekningen.

1. Hvor lenge skal vi vente, før det skjer en skikkelig ulykke der?
2. Hva er det som er blitt gjort etter det var oppe i politisk kvarter for vel et halvt år siden?

Ordførar svara at spørsmålet om planleggingsmidlar til ny tunnel er teke opp med vegkontoret. Dersom det ikkje lukkast bør det vurderast å nytta kommunale midlar. Spørsmål om lysregulering eller andre trafikksikringstiltak vil verta teke opp med vegkontoret på nytt.

Spørsmål om lysregulering eller andre trafikksikringstiltak ville verta teke opp med vegkontoret på nytt.

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Stillingen som aktivitør på PO-senteret ble nedlagt, og aktiviteten får ny stilling i Liv og Lyst (kontorjobb). Begge disse stillingene er det Austevoll kommune som står som lønsutbetaler for. Lønnen er lik i begge stillingene. Brukerne her (eldre og funksjonshemma) var veldig tilfreds med aktiviteten, og ønsker å beholde denne tjenesten.

1. Hva er det Austevoll kommune tjener på dette ved å legge ned den ene stillingen og flytte den ansatte over til en annen stilling med lik løn?

Vil Austevoll kommune nå kunne gi den tjenesten som brukerne treng, så lenge vi ikke ser noe besparelse, og er nødt til det.

Rådmannen svara at stillinga ikkje er forma, men at det vert arbeidd med det og at eldre også skal få tilbod, men at fleire også skal få tilbod gjennom folkehelsearbeidet som kommunen får tilskott til .

Spørsmål frå Ove Fagerbakke:

Korleis ligg saka om moglegheita for Austevoll kommune til å tre inn i interkommunalt barnevern.

Rådmannen svara at dette er undervurdering og at det vil verta lagt fram som eiga sak.

Følgjande framlegg frå ordførar Helge Andre Njåstad vart samrøystes vedteke å senda over til rådmannen:

Austevoll kommunestyre bed rådmannen leggja fram sak til neste kommunestyremøte om oppstart av rullering av kommuneplanen.

.KST-025/10 Vedtak:

Vert lagt ved møteboka med følgjande tillegg.

Austevoll kommunestyre ber rådmannen leggje fram sak til neste kommunestyremøte om oppstart av rullering av kommuneplanen

REFERATSAKER

Handsaming i møtet:

Kommunestyret har merknad til melding nr 9. Framlegg vart sett fram frå Renate M Klepsvik (Frp) i samband med meldinga:

Austevoll kommunestyre ber rådmannen leggje fram sak om revidert inndekningsplan ihht til departementet sine krav i brev.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KST-026/10 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre med følgjande tillegg:

Austevoll kommunestyre ber rådmannen leggje fram sak om revidert inndekningsplan ihht til departementet sine krav i brev.

SKJØTSELPLAN FOR AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE PÅ EIGEDOM MED GNR 43 BRN 227 PÅ STOREBØ

KST-027/10 Vedtak:

1. Austevoll kommune inngår avtale om skjøtsel av arkeologisk kulturminne på Gnr/brn 43/277.
2. Det blir arbeida med å søkje om midlar frå ulike tilskotsordningar.

UTBYGGING OG REHABILITERING AV SELBJØRN SKULE

Handsaming i møtet:

Forslag til repr til prosjektgruppe:

Renate Møgster Klepsvik (frp) Forslag på: Grete Hammervold

Jane Stangeland (A) Forslag på: Ove Fagerbakke

Forslaga vart samrøystes vedteken.

KST-028/10 Vedtak:

1. Rådmannen får delegert mynde til å nytta kr 500 000 til prosjektering av rehabilitering og utbygging av Selbjørn skule av midlar som er sett av til budsjett 2010 til investering.
2. Kommunestyret peikar ut 2 politikarar, utanom rektor, til ei prosjektgruppe for utbygging/rehabilitering av skulen.

Representantar valgt til prosjektgruppe utanom rektor:

Grete Hammervold og Ove Fagerbakke

VAL TIL FORMANNSKAPET

KST-029/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Olav Østervold vert vald til ny 2. varamedlem til formannskapet frå Høgre.

GNR. 62 BNR. 3 OG 18 VINNES. SØKNAD OM UTBYGGJING I KOMMUNAL REGI

KST-030/10 Vedtak:

1. Avtale/ faktureringsplan, med meir må utarbeidast mellom Bømlo Hus Drift AS og Austevoll kommune.
2. Austevoll kommune innhenter pris frå føretak som har sin kompetanse innafor fagområda, - veg, vatn, brannslukkevatn og overvatn m.m. Valt føretak får rollene SØK/PRO/ KPR. Føretaket utarbeider søknader om rammeløyve, igangsettingsløyve, ferdigattest, samt utarbeiding av materiale for utlegging på doffin-basen.
3. Søknad om rammeløyve (byggeløyve) for infrastruktur må sendast til avd. for byggesak, jf plan- og bygningslova §§ 93 og 95a.
2. Anbud lysast ut på doffin-basen som totalentreprise i kommunal regi, der Austevoll kommune står som byggherre/ tiltakshavar.
5. Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å framforhandle avtaler/ faktureringsplan/ framdriftsplan, kontrakter, med meir samt signering av disse. Vidare får rådmannen fullmakt til å avgjere størrelse på kommunen sine administrasjonskostnader.

KJØP AV INDUSTRIOMRÅDE PÅ GEITHOLMEN/SALTHELLA

KST-031/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll Notverksted AS får kjøpa gnr. 13 bnr. 54 på Geitholmen for 25.000,- pluss alle omkostningar med salet.

Kommunestyret grunngjev salet direkte til denne bedriften med at denne saka er spesiell all den tid bedriften i dialog med kommunen har kosta utfylling i dette aktuelle området. Kommunestyret meiner difor at kommunen sine handlingar tidlegare er slik at det er rett å selje utanom den vanlege prosedyren med utlysning og sal på den opne marknaden.

REGULERINGSPLAN BJØRNENESET, GNR. 65, BNR. 003. OLSENGRUPPEN AS. SØKNAD OM OPPSTART PLANARBEIDE.

Handsaming i møtet:

Framlegg til nytt vedtak v/Jostein Blænes, Frp

Austevoll kommunestyre har vurdert søknaden frå Tippetue Arkitekter AS dt 12.02.2010 og skriv frå Øystein Solesvik Det aktuelle planområdet er i kommuneplanen sett av til LNF-område utan føresegner om bygging.

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-8 at det vert sett i gang reguleringsplanarbeid for området som omsøkt emd frådrag av det som framgår av skriv frå Øystein Solesvik. Det er eit vilkår at det vert utarbeidd ei lokaliseringsanalyse av kommunen saman med søkjar for å få vurdert om det omsøkte området er eigna for kontorbygg eventuelt om andre stader bør vurderast nærare.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KST-032/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre har vurdert søknaden frå Tippetue Arkitekter AS dt 12.02.2010 og skriv frå Øystein Solesvik Det aktuelle planområdet er i kommuneplanen sett av til LNF-område utan føresegner om bygging.

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-8 at det vert sett i gang reguleringsplanarbeid for området som omsøkt med frådrag av det som framgår av skriv frå Øystein Solesvik. Det er eit vilkår at det vert utarbeidd ei lokaliseringsanalyse av kommunen saman med søkjar for å få vurdert om det omsøkte området er eigna for kontorbygg eventuelt om andre stader bør vurderast nærare.

GNR. 43 BNR. 608/686/229/502/234 - SENTRUMSPLAN STOREBØ. GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN.

KST-033/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 43, bnr.608, 686, 229, 502, 234, Nye Storebø Senter. Føresegnene er datert 19.02.2010 og plankartet 28.10.2009.

SAMARBEID OM AUTORISERT TURISTINFORMASJONSKONTOR I AUSTEVOLL - SØKNAD OM TILSKOT

23.03.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Avtale med med Austevoll reiselivslag vart lagt fram møte.

034/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune inngår samarbeid med Austevoll Reiselivslag om etablering av turistinformasjonskontor i biblioteket i Bekkjarvik Torg.

Austevoll kommunestyre løyver 50.000,- til etableringstilskott / driftstilskott for 2010. Tilskottet er finansiert av næringsfondet.

SKATTEINNGONGEN JANUAR/FEBRUAR 2010

KST-035/10 Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

Brukarstyrt personleg assistent

Handsaming i møtet:

Vedtak frå møte i Edrerådet av 18.03.10 vart omdelt i møtet.

KST-036/10 Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at ordninga Brukarstyrt personleg assistent (BPA) vert lagt ut på anbod.
2. Administrasjonen legg fram ny sak til tenesteutvalet når konkurransegrunnlaget/anbudskriteriane er utarbeida.

REKNESKAPSRAPPORT JANUAR 2010

KST-037/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter januar 2010 til orientering

REKNESKAPSRAPPORT FEBRUAR 2010

KST-038/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter februar 2010 til orientering

LIKVIDITETSRESERVE OVERFØRT TIL DISPOSISJONSFOND

Handsaming i møtet:

Framlegg frå ordføraren.

Austevoll kommunestyre viser til at 5,8 mill må disponerast grunna regelendring knytt til likviditetsreserve.

Austevoll kommunestyre deler denne summer for 2010 mellom ekstra ordinær nedbetaling av oppsamla underskott og tilbakeføring av midlar for å sikre vidare drift av Selbjørn PO-senter og natevakttenesta ut 2010 (3,4 mill). Kommunestyret vil koma attende til finansiering av drift fram til opning av påbygget ved Storebø PO-senter i budsjettet for 2011.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KST-039/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til at 5,8 mill må disponerast grunna regelendring knytt til likviditetsreserve.

Austevoll kommunestyre deler denne summer for 2010 mellom ekstra ordinær nedbetaling av oppsamla underskott og tilbakeføring av midlar for å sikre vidare drift av Selbjørn PO-senter og natevakttenesta ut 2010 (3,4 mill). Kommunestyret vil koma attende til finansiering av drift fram til opning av påbygget ved Storebø PO-senter i budsjettet for 2011

GNR. 37, BNR. 1 OG 5, M/FL. AUSTEVOLL. SØKNAD OM UTBYGGING I KOMMUNAL REGI.

KST-040/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner prinsipp om OPS prosjekt for ny infrastruktur i bustadfelt gnr 37, bnr. 1 og 5, m/fl. Austevoll Sørmarka/ Svena.

Rådmannen vert beden om å inngå avtalar med meir etter mal frå tilsvarende prosjekt.

Rett utskrift:

Norunn Storebø

